



Svarfrist: 1. mars

No blir fastlegeordninga innført

I denne brosjyren finn du svar på dei vanlegaste spørsmåla om fastlegeordninga. Dersom du framleis lurer på noko, får du meir informasjon på internett:

www.fastlegeordningen.dep.no

Du kan også ta kontakt med kommunen din (du finn telefonnummeret på det vedlagte legeoversynet).

"Eg vil ha fastlege – kva gjer eg no?"

Det er fire ulike måtar du kan velje fastlege på.

1. Du kan fylle ut svarsjemaet og sende det inn.
2. Du kan ringje til svartelefonen: **800 31 111**. Sørg for å ha fødselsnummeret ditt, pin-koden (talkoden) frå svarsjemaet og legeoversynet klart når du ringjer.
3. Du kan bruke internett: **www.fastlegeordningen.dep.no** (Hugs fødselsnummeret og pin-koden.) Svartelefon og internett er også tilgjengeleg på samisk/engelsk/urdu.
4. Dersom du ikkje svarer, blir du tildelt ein fastlege i nærleiken av der du bur.

Dersom du vil ha brosjyren på bokmål/samisk/engelsk/urdu, kan du ringje informasjonstelefonen som står under punkt A på legeoversynet.



"Kva er fastlegeordninga?"

Fastlegeordninga er ein ny og betre måte å organisere legetenesta på. Ordninga gir deg rett til å få ein allmennpraktiserande lege som fastlegen din. Alle fastlegar får ei liste med innbyggjarar. Dei som står på den lista har førsterett til å få time.



"Kvifor blir fastlegeordninga innført?"

Den nye ordninga har tre hovudmål:

- å skaffe tilgang til ein fast allmennlege til alle som ønskjer det
- å skape tryggleik ved at det blir lettare å kome til lege
- å skape betre og meir langsiktige forhold mellom legar og pasientar.



"Når tek fastlegeordninga til å gjelde?"

Ordninga blir innført frå 1. juni 2001. Dersom du ønskjer ein bestemt fastlege, må du svare innan 1. mars.



"Kva er ein fastlege?"

Ein fastlege er ein allmennpraktiserande lege som har gjort avtale med kommunen om å delta i fastlegeordninga.



"Kven gjeld ordninga for?"

Alle innbyggjarar som er registrerte i Folkeregisteret får tilbod om fastlege. Dei som er fødte før 1. mars 1985 får eige brev i posten og kan velje fastlege sjølve.



"Blir det dyrare å gå til ein fastlege?"

Nei, legebesøk vil koste det same som før.



"Blir det kortare ventetid for å få time hos legen?"

Eit av hovudmåla med den nye ordninga er at det skal bli lettare å få time hos lege. Éin bestemt lege eller ei gruppe legar får eit særskilt ansvar for deg. Ordninga har vore prøvt i fire kommunar, og der har ventetida blitt kortare.



"Korleis kan eg velje fastlege?"

Saman med denne brosjyren har du fått eit svarskjema, eit oversyn over fastlegar i nærområdet ditt (legeoversyn), ei rettleiing og ein svarkonvolutt. I rettleiinga står det korleis du går fram for å velje ein fastlege. Du kan bruke det vedlagte svarskjemaet, internett eller svartelefon.



"Kva med meg som alt har ein fast lege?"

Dersom du har gått til den same allmennlegen i mange år og ønskjer å halde fram med det, må du oppgi namnet på legen, legenummeret og kor mange år du har gått til denne legen. Finn du ikkje den legen du ønskjer på legeoversynet, kan du ringje informasjonstelefonen (punkt A i legeoversynet). Du kan også vende deg til det lokale trygdekontoret, eller bruke internett (www.fastlegeordningen.dep.no).



"Kva skjer dersom eg ikkje svarer?"

Du får tildelt ein fastlege i nærleiken av der du bur.



"Kva med barna mine?"

Barn som er fødte 1. mars 1985 eller seinare, står på same svarskjema som mor. Dersom barn er registrerte busette hos far, står dei oppførte i svarskjemaet til faren. Barna følgjer automatisk personen på skjemaet. Dersom du har andre ønske for barna, må du oppgi det når du svarer. Det er også mogleg å la barna stå utanfor fastlegeordninga.



"Kva er ei fellesliste?"

Fastlegane kan arbeide aleine eller saman med andre legar på eit legesenter. På nokre legesenter har fastlegane gått saman om ei fellesliste. Fastlegane med fellesliste har eit felles ansvar for allmennlege-tilbodet til innbyggjarane som står på felleslista. Dersom du fører opp legenummeret til felleslista, blir du tildelt ein av legane på felleslista som din lege.



"Kan eg velje ein av fastlegane ved eit legesenter med fellesliste?"

Ja, det skal alltid vere ein av legane ved legesenteret med fellesliste som har ansvar for allmennlege-tilbodet ditt. Denne legen kallast din "ansvarlege lege". Du kan velje ansvarleg lege ved å skrive inn namn og legenummer på legen.



"Må eg vere med i fastlegeordninga?"

Nei, det er frivillig, men da må du sjølv finne ein allmennlege som kan gi deg time. Dersom du vel å stå utanfor fastlegeordninga, må du betale ein høgare eigendel hos allmennlegen.



"Kan eg bli med i fastlegeordninga seinare?"

Ja, alle har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Denne retten har du også dersom du vel å stå utanfor i ein periode.



"Får eg den fastlegen eg ønskjer meg?"

Dersom legen har plass på si liste, blir ønsket oppfylt, men vi kan ikkje gi nokon garanti. Det blir bestemt på førehand kor mange innbyggjarar kvar lege kan ha på si liste. Dersom for mange ønskjer seg same legen, går dei som har brukt legen lengst føre dei som har brukt legen i kortare tid.



"Får eg ein fastlege i min eigen kommune eller bydel?"

Du får ein lege i nærleiken av staden du bur, så sant du ikkje har valt ein fastlege ein annan stad. Dersom fleire kommunar samarbeider om fastlegeordninga, kan du kome på liste til ein fastlege i ein nabokommune.



"Kan eg velje fastlege i ein annan kommune enn den eg bur i?"

Ja, du kan velje fritt blant alle legane som er med i fastlegeordninga. Dersom du vil ha ein fastlege som ikkje står på legeoversynet, kan du sjølv finne legenummeret ved å kontakte trygdekontoret eller bruke internett.



"Kva skjer dersom eg ikkje svarer innan 1. mars?"

Dersom du ikkje svarer innan 1. mars 2001, blir du tildelt ein fastlege i nærleiken av der du bur.



"Når får eg vite kven som blir fastlegen min?"

I mai får du brev frå Rikstrygdeverket som opplyser kven som er fastlegen din. Fastlegeordninga gjeld frå 1. juni 2001. Ta godt vare på brevet. Der finn du også telefonnummeret og adressa til fastlegen din.



"Kan eg byte fastlege?"

Etter 1. juni 2001 har du rett til å byte fastlege inntil to gonger i året. Dette krev at det er plass på lista til den legen du ønskjer. Ta kontakt med trygdekontoret dersom du vil byte lege.



"Kan eg gå til ein annan lege enn fastlegen min?"

Ja, men den legen vil prioritere dei innbyggjarane som står på si liste. Du skal ikkje betale meir for å gå til ein annan fastlege.



"Kva er ei "ny vurdering"?"

Dersom du har eit helseproblem og er misfornøgd med den vurderinga fastlegen din har gjort, kan du kontakte ein annan fastlege og be om ei "ny vurdering" av problemet. Når den andre fastlegen har gjort si vurdering, skal legen sende kopi av journalnotat til din fastlege. For ei "ny vurdering" betaler du vanleg eigendel.



"Kva gjer eg dersom fastlegen min er på ferie eller er sjuk?"

Er fastlegen borte lengre tid, får du vite kven som er vikar for fastlegen din. Jobbar fastlegen i ei gruppe saman med andre legar, kan ein av dei andre legane hjelpe deg. Det skal alltid vere tilbod om øyeblikkeleg hjelp i kommunen, sjølv om fastlegen din er borte.

